

BOKN BYGDABLAD

NR. 9 - NOVEMBER 1995 - ÅRG. 10


UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

FASTBUANDE PÅ OGNØY ETTER 30 ÅR

-Du må få med at me har ein god skule på Bokn. Ungane har vore godt mottekte både av lærarar og medelevar frå første dag, og dette er viktig for at me som barnefamilie skal trivast i Bokn.-

Dette vart understreka av foreldra Eva Moi og Erik Eikje som seier at det har vore ein viktig faktor for dei totalt sett at at ungane umiddelbart vart så godt integrerte i skolemiljøet.

Det er nå snart 6 manader sidan familien Eikje flytta frå Gismarvik til Ognøy. Foreldra og barna Emilie på 7 år og Eivind på snart 10 år flytta inn i nytt hus kopla saman med det gamle slik at dei hadde si første overnatting natta til 17. mai i år. Då var det 30 år sidan det hadde budd fastbuande på denne 3. største øya i Bokn. Det var familien Eilert Ognøy som var dei siste som flytta frå Ognøy i 1965.



Fin kombinasjon av gammalt og nytt

Her har familien Eikje fått godt med plass i ein fin kombinasjon av nytt og omgjort gammalt. Vatn pumpar dei opp frå eit 90 meter djupt borehol. Her måtte dei til slutt sprenga for å finna

på botn. Familien eig omrent heile Ognøy på 3.000 mål. Spreiearealet er 400 mål, og det er sauahald som dominerer gardsdrifta med 300

framh. s. 2

FASTBUANDE PÅ OGNØY...

vinterfora dyr.

Utanom dette har dei stall med hestar. Eva har deltidssarbeid i Bokn kommune, mens Erik har ein kombinert jobb med arbeid i Nordsjøen og gardsdrift på Ognøy og på Eikje i Tysvær. Dei driv også rideopplæring og handikappriding på Ognøy. Øya er ypperleg til dette, då det er store område som ikkje har gjerder på kryss og tvers.

Ungane går i 1. og 4. klasse ved Bokn skule. Eivind fortel at det er 9 elevar i 4. klasse ved Bokn skule. På Hetland var det 6 då han slutta. I Emilie sin klasse er det 15 elevar, altså ein stor klasse til å vera i Bokn. Dei likar seg godt på skulen, og har fått seg vene og kjende. Eivind er begynt i speidaren her på Bokn. Skuleskyss har dei heilt til døra på den kommunale vegen som går fram til huset. Verre er det med posten. Den må dei henta på Eikje, då Postverket si landpostrute på Bokn sluttar på Austre Bokn. Dei synes det er rart at dei ikkje skal få landpostbud fram til Ognøy, og håpar noko kan gjerast med dette. Slik det nå er, får dei ikkje fram informasjon i posten om det som skjer i Bokn.

Å flytta frå eit byggefelt med mange og nære naboar til Ognøy som einaste familien er ei stor omveltning i kvardagen for ein barnefamilie. Likevel måtte dei også i bilen tidlegare dersom ungane skulle på organiserte aktivitetar i Tysværsvåg. Slik sett er det likt om ungane skal vera med på noko nå. Dei må ha

transport. Elles er jo Ognøy svært sentral med buss forbi på riksvegen både til Haugesund og Stavanger. Det som er den største forskjellen, er muligheten til raskt å gå på uanmeldt besøk til naboen, eller få tilsvarande besøk frå folk i nærmiljøet, og dette saknar dei. Likevel har det vel nesten ikkje gått ein dag utan besøk sidan dei flytte hit i mai. Sjølv må dei vera meir bevisste på dette med det sosiale enn før. Det kjem ikkje av seg sjølv. Dei fleste venene har dei frå Tysvær, men også nokon frå Bokn. Emilie nemner klassevenner som ho er blitt godt kjend med, som t.d. Merethe og Rebekka i 1. klasse. Eivind kjenner folk i Kro som Lars Morten og Kjell Kro som han er god kompis med. Eva synes det var ei fin tid å flytta i mai, slik at dei har fått sommaren på Ognøy. Huset i Gismarvik gjekk det greit å selja.

Erik seier at det i mange år har vore ein draum han har hatt å flytta til Ognøy. Difor er han ekstra glad for at familien var villig til å gå med på dette. Dei håpar likevel at det med tid og stunder vil bli fleire familiarar som vil så seg ned på Ognøy.

Ungane ser i alle fall ut til å trivast i den nye bu- og skulesituasjonen. På fredag skal Eivind og resten av familien på kino på ei lukka forestilling i Tysværtunet og sjå filmen 'Lindeholsmannen'. Filmen er innspela både i Tysvær og i Oksebåsen på Bokn. Her spelar Eivind m.a. saman med den kjende skodespelaren Jon Eikemo.

HESTESTEMNE PÅ OGNØY

Ognøy er i ferd med å stå fram som den store samlingsstaden for hestefolket på Haugalandet. For tredje gong sette dei kvarandre stemne då Njård Fjordhestlag arrangerte Einar Eikjes minneløp sundag 1. oktober.

Eit halvt hundre ekvipasjar og minst dobbelt så stort publikum brydde seg ikkje om litt frisk vind frå aust og fekk ei triveleg stund på den minste av øyane våre. Det var for det meste fjordingar, men ein kunne også sjå både islandshestar og dølahestar i full galopp innover heiane.

Det var brei deltaking både når det gjaldt kjønn og alder og dei kom frå heile nordfylket. Jamvel frå Aust-Agder søkte det deltararar hit. Også somme boknarar var representerte i løypene denne friske oktober-dagen.

På denne 2 km² store øya har arrangørane laga ei løype på heile 13 km. Dels langs strandene og dels innover lystheiane. Det blei ei svært så eksotisk oppleveling for kontinentale turistar som tok det med godt humør då dei blei stoppa når «Åsgårdsreia» kryssa riksvegen.

Elles er det viktig for ryttaren å ikkje la hesten ta seg for hardt ut, for

pulsen skal haldast på eit bestemt nivå. Difor er det innlagde kontrollpostar langs løypa der dette blir sjekka. Under konkurransen kunne publikum varme seg på kaffi og varme pølser.

Det er tydeleg at Einar Eikjes minneløp kjem til å bli ein årvisss tradisjon for hestefolket i distriktet. Og slik ser resultatlista ut:



Kort løype, 13 km:

1. Bernt Vikse på Viksetora 1.09,8
2. Kaja Bratthammer på Lenda 1.10,37
3. Erik Eikje på Frida 1.11,18

Lang løype, 26 km:

1. Eivor Knutsen på Tolly 2.12,22
2. Åge T. Askeland på Virinda 2.14,59
3. Tina Borrowman på Corina 2.18,27

Kyrre Lindanger

Velkommen til vevstova

Kom og sjå kor fint me har fått det i nye lokale.

Ope hus og utstilling i 3. etasje på gamle skulen torsdag 9. november frå kl. 19.00 - 21.00.

Smaå håndarbeid for sal.

Kaffi og heimabakst.

Helsing vevkjerringane.

50-årsjubileum for konfirmantar på Bokn

**LEIV VÅGA SOM ER MEDARBEIDAR I BLADET 'KYRKJETONAR' HAR HATT DETTE
INNLEGGET OM EIT 50-ÅRS JUBILEUM FOR KONFIRMANTAR I BOKN I BLADET. I OG
MED AT BYGDABLADET HAR CA.150 ABONNENTAR UTANBYGDS, FOR DET MESTE
UTFLYTTA BOKNARAR, HAR ME FÅTT LOV Å BRUKA DET HER. ME TRUR DET HAR
INTERESSE FOR MANGE UTFLYTTA BOKNARAR**

Søndag 8.oktober var lesarane (konfirmantane) av året trengd nedover radene i kyrkja i Bokn, for dei fremste radene var inntekne av 64-åringar. Det var konfirmantane frå 1945 som hadde sett seg stevne 50 år og ein dag etter konfirmasjonsdagen.

På «kvinnfolksida» i kyrkja sat,
etter god gamal skikk, jentene:

Anne Marie Bokneberg,	f. Nygård	busett	Bokn
Eli Eltervåg	Kro		Sandnes
Hillgot Hvding Olsen,	Håland		Stavanger
Aud Håland	Alvestad		Stavanger
Sigrid Jøsang	Øvrebo		Bokn
Oddveig Langås	Are		Drammen
Torbjørg Meling	Øvrebo		Stavanger
Oddny Reianes	Håland		Rennesøy
Anny Stødle	Våge		Sola
Martha Voll	Våge		Mosterøy
Solveig Våga	Øvrebo		Bokn
Rosa Ånneland	Borgenvik		Karmøy

På «mannfolksida» fann me:

Jakob Are	busett:	Bokn
Harald Jøsang		Karmøy
Per Lygre		Sandnes
Kjell Vatnaland		Stavanger
Svenn Inge Vatnaland		Moss
Sverre Øvrebo		Bokn
Ansgar Are, Karmøy var ikkje til stades.		
Marie Øvrebo og Paul Ognøy er gått bort.		

Ein gong rodde Sverre Øvrebo rett på eit skjer

21 talde altså kullet som sumaren 1945 byrja å lesa. Kvar laurdag samla dei seg i kyrkja dei 4 utante Hognalandskrinse og dei 9 frå Indrabygdå - og frå Austre Bokn rodde Sverre Øvrebo med 7 jenter i feiringsbåten - nokre av dei nokså vidle og galne etter som ryktet seier. Ein gong rodde han rett på eit skjer i sundet. «Hendingane frå den tida har nok prega livet mitt sidan,» seier Sverre til Kyrkjetonar. (Sverre er framleis ugift).

Dei las til dei grein

Lesa gjorde dei i si rette tyding på den tida. Salmevers og lekse frå bibelsoge og katekisme måtte kunnast ordrett. «Nokre gonger grein eg fordi eg ikkje klarte å læra alle versa, og av og til fjsuska me med å ha boka oppe då me vart høyrd,» fortalte ei av jentene til Kyrkjetonar. (Skal me tru at Vår Herre var litt romsleg og ikkje tilrekna dei stakkars jentene den synda?)

Presten hadde motorsykkel

Slik gjekk ho, lesartida. Annankvar gong var det sokneprest Vernes som kom. Nokre gonger kom han duranes på motorsykkel. Det var spanande. Og annankvar

gong las klokkar Lygre med konfirmantane. Sumaren gjekk, og snart byrja førebuingane til konfirmasjonsdagen.

Etterkrigstid og rasjonering

Sjølv om freden og fridomen var komen til landet var det rasjonering og svært knapt med varer. Men klær måtte skaffast. Jentene skulle ha kvite konfirmasjonskjolar og andredagskjolar og kåpa og hatt og sko. Gutane skulle ha dress med sid buksa og svarte hua med blank skygge og sko. «Eg ana ikkje kor det kom frå, men hu mor fekk tak i fint kvitt tøy til kjole til meg,» fortalte Martha Voll i eit intervju i kyrkja på søndag. «Dei sende av ull til kåpetøy. Eg hugsa at kåpa mi hadde farge som ein jutesekk,» fortsatte Martha. «Monge hadde sko med tresolar. Andre hadde fått tak i ekte tresko.» Gamle hattar vart leverte inn til omforming.

Sølskeier vart til kors

Presangar var det heller ikkje godt å få tak i. Mange leverte inn sølskeier e.lign. og fekk f.eks. sølvkors. Det var ein vanleg presang frå fadrar.

Var det Martha som smitta dei andre med kregdå?

Ja, gjennom kjennskap og vennskap - gjerne med smørklattar og fleskebitar som smørning - vart klær og utstyr skaffa. Og på konfirmasjonssøndagen stod dei der fine og sjonge. Sverre Øvrebø var forresten ikkje heilt lykkeleg. Dei hadde ikkje fått tak i hua med blanke skygge til han - berre ei med tøyskygge. Forresten var ikkje alle der heller. Heime i Borgenvik låg nemleg ho Rosa i «kregdå» (meslingar). Ho Oddveig frå Are var ikkje betre ho heller, men ho hadde pressa seg til å gå. Men ho slapp å stå på golvet. Under overhøyringa sat ho i benken og skalv med kåpa rundt seg. Dei var ikkje heilt gode mange av dei andre heller. Ho Sigrid var så ringe at ho svima av. Presten ropa på klokkaren. Han kunne lite gjera, men heldigvis var søster Olga i kyrkja, og ho greip inn. «Korleis var det med deg då?» spurde presten Martha i intervjuet nevnt ovanfor. «Eg va' blidde go'e,» svara Martha. «Då var det vel du som hadde smitta dei andre?» «Me kan ikkje sjå vekk frå det,» innrømde Martha.

Klikk i fotograferinga både for 50 år sidan og nå

Det vart ikkje teke bilete av konfirmantkullet i 1945. Fotografen kom visst nok ein gong, men lesarane hadde ikkje fått melding. Folk var nok ikkje heilt tilreknelege i fredsrusen, for dei fekk ikkje nytestamente heller. Og ikkje vart det halde konfirmantfest for dei.



Kyrkjetonar sin «utskremde» medarbeider skulle bøta på dette med fotografering nå under jubileet. Men då alle stod oppstillte i koret var apparatet hans tomt for film. Han årsakar seg med at han var på bryllup til langt på natt, og at han trudde det var 36 og ikkje 24 bileters film i kameraet.

Middag og mimring

Etter ei gild gudsteneste samla jubilantane seg til jubileumsmiddag på bedehuset. Der hadde dei ein fin ettermiddag med god mat og mimring og gjenoppfrisking av gamle gode minner.

Konfirmantjubilantar! Me takkar for at me fekk vera saman med dykk i kyrkja på søndag, og me ber om at Gud må velsigna dykk vidare i livet. **Leiv Våga**

MINNEORD

Elisa Aakre, f. Vik er død, 87 år gammal.

Ho var fødd i Strandvik sør for Bergen kor foreldra dreiv gardsbruk, og dei var 10 sysken. Ho var nest yngst.

Ho vart seinare gift med Jan J. Aakre som var bakar. Ho var ikkje meir enn 42 år då ho vart enke. Ho hadde 5 barn, og begynte å arbeida på hermetikkfabrikken i Strandvik fram til ho flytte derifrå.

Elisa Aakre flytte til Bokn for 16 år sidan.

I Bokn var Elisa ei tid med i sanitetsforeninga. Elles gjekk ho i pensjonistforeninga så lenge helsa haldt. Elisa Aakre var open av sinn, og hadde godt humør. Ho hadde difor svært lett for å koma i kontakt med dei ho møtte. Ho var både gild og interessant å snakka med.

Ho etterlet seg 11 barnebarn og 10 oldebarn. 4 av hennar eigne barn lever.

FOTBALLSESONGEN SLUTT FOR I ÅR

DEI 3 LAGA I BOKN HAR HATT EIN FIN SESONG

Denne sesongen har ikkje Bokn hatt vaksne med i kretsserien. Det er første gong på fleire år dette skjer, og grunnen er at mange som har vore med arbeider eller går på skule andre stader, og at det såleis er vanskeleg å samlast. Håpar det kan koma i gong igjen.

Likevel har dei yngre årsklassane vore meir aktive enn på lenge. Ved å ha mixa lag av gutter og jenter har ein kunna stilla med 3 lag i kretsseriane. Det har vore Smågutt 14 år, Lillegutt 12 år og minilag 8 -10 år.

Laga frå Bokn har ikkje mange nok i kvar årsklasse til å stilla reine årsklasse-lag. Dette har t.d. for Lillegutt 12 år-laget ført til at dei fleste på Bokn sitt lag er 11 år.

Likevel har dei vist stor innsatsvilje og kampglød, og har havna på 7. plass i si gruppe med 13 poeng, berre 1 poeng etter Vindafjord 2. som hadde 14 poeng. Etter Bokn og sist i gruppa kom Vindafjord 1. med 10 poeng. Skånevik 2. vann denne gruppa.

I gruppa Smågutt 14 år stiller også Bokn med blanda årsklassar. I ein tøff serie har boknalaget fått 9 poeng. Dei kom dermed som nr. 5 av 6 lag. Stegaberg som kom på 4. plass, hadde 12 poeng. Ferkingstad kom sist med 0 poeng. Sveio toppa denne tabellen.

Når det gjeld minilaget så har dei hatt ein kjempefin sesong. Dei har hatt eit par forsterkningar på laget som har gjort at dei har vunne fleire kamper



med store siffer, men dei har (heldigvis) også tapt nokre av kampane, sjølv om det har vore med knappe marginar. Dei skal læra seg å meistra både seier og tap! I desse unge årsklassane vert det ikkje ført tabellar, og det meste er gløymt når neste kamp begynner dersom dei tapte forrige kamp.

Det har vore gildt å vera til stades for å sjå på kampane. Dei fleste ungane har funne seg godt til rette. Dessverre er det eit dilemma med dei laga kor det vert notert kampresultat og oppsett tabellar med at det kan bli ein tendens til at berre «dei beste» blir brukte. Det er også vanskeleg for trenar/oppmann når dei skal ta ut lag dersom dei skal ta poeng. Då kan det vera vanskeleg også å vera nok merksam på at alle skal få eit minimum av tid på banen på kampane. Det er trøysteslaust for ein 11-åring dersom han eller ho sjeldan og aldri får vera med, og det kan føra til at dei sluttar. Og det er det motsette resultatet av det som skulle

vera føremålet med fotballen for ungane, nemleg å leika og ha det kjekt, føla tryggleik og fellesskap. Blir prestasjonspresset for stort, forsvinn heile vitsen med fotballen for dei yngste. Ei vitskapleg undersøking i Oslo på dette området har vist at dersom ein lite brukt spelar sluttar, sluttar også den beste venen hans, som kan vera ein av dei beste på laget. Dette må også me i Bokn ta på alvor.

Elles har det vore fantastisk å sjå kor flott utvikling mange av dei unge fotballspelarane har hatt. Det viser seg at kampetrening kan gjera sjølv den svakaste spelaren god. Å ikkje få vera med blir difor som ein vond sirkel. Får ein ikkje kampetrening får ein heller ikkje øvd seg, og sjølvtilleten blir omtrent på nullpunktet.

Avsluttinga av sesongen med samling i Allrommet blir onsdag den 8. november.

Her er laga:

Smågutt:

Glenn Taraldlien	Erlend Nygaard
Frank Svendsen	Oddbjørn Almås
Kjartan Jensen	Jostein Aksdal
Sigleif Våga	Arnstein Hosaas
Bjørn Thuestad	Bjørn Erik Øvrebø
Geir Helge Christiansen	
Harald Kristian Bjordal	
Bjørnar Bryningsland	

Lillegutt:

Sveinung Sæbø	Kristin Hosaas
Roy Alvestad	Monica Lindanger
Bjarne Thuestad	Torstein Alvestad
Nina Solberg	Tor Inge Sæbø
Lars Morten Kro	Vegar Våge
Ingleif Kro	
Svenn Erik Grønnestad	

Minilag:

Alexander Vila	Jørgen Thuestad
Cathrine Almås	Rene Alvestad
Marie Vatnaland	Erik Alvestad
Hermund Kro	Therese Våge
Sindre Nygaard	Jens Are
Marie Frøiland	Andreas Frøiland
Lars Martin Hosaas	
Lars Øyvind Alvestad	




*Bokn
kommune*
Ordføraren

OPEN DAG

Som ordførar har eg kontorstad i Boknatun. Eg vil ha open dag på torsdag mellom kl. 12.00 - 15.00 for dei som vil treffa meg.

Føremålet med dette er m.a. at folk så langt som muleg skal få svar på spørsmål dei har. For meg er dette også ein måte å bli kjend med fleire.

*Sigrunn Hole Hosaas
ordførar*



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30
ONSDAG : 16 - 19.00
TORSDAG: 10 - 13.30

LES NOE :

Fra
første stund

Fantastisk

Skrekkelig

Spennende

LESETIPS FOR NOVEMBER

VAKSNE

Aarø Selma Lønning;
Den endelige historien

Holt Anne:
Demonens død

Rygg Pernille:
Sommerfugleffekten

Skagen Fredrik:
Nattsug

BARN/UNGDOM

Antonsen Reidar:
Røvere i Småvik

Eide Torill:
Barevokterens døtre

Hollup Arne G:
Du skal ikke lyve

Newth Philip:
Min venn Kong

Scheen Kjersti:
Masker i måneskinn

Sørlle Steinar:
Edderkopploftet


Har du en hage og
et bibliotek, da
mangler du intet.

Marcus Tullius Cicero
All verdens sitater



SNART KJEM DEN 'ØKOLOGISKE' MJØLKA?

**STOR INTERESSE FOR ØKOLOGISK PRODUKSJON BLANT
GARDBRUKARAR PÅ HAUGALANDET**



Alle bønder på Haugalandet har i haust fått spørreskjema om økologisk produksjon, fra landbrukskontoret i sin kommune. Nær 40 bønder har gitt svar at dei ønsker å få vurdert kva betydning ei omlegging vil få for garden. Størst er interessa i kommunane Sveio, Tysvær og Vindafjord. Rundt halvparten av svara kjem fra mjølkeprodusentar, og desse har til saman kvotar på over ein mill. I mjølk. I tillegg er det fleire som allereie driv økologisk eller er i ei omleggingsfase. Rundt 200.000 l «økologisk mjølk» blir idag levert til Haugesund Meieri ilag med anna mjølk. Dette er produsentane lite nøgde med, og ulike alternativ for omsetning blir utreda. Det er knytt spenning til kva meieri-anlegg på Vestlandet som blir valgt til mottak av økologisk mjølk.

Dag Silde i prosjekt for meir miljøvennleg landbruk skal i tre månader besøka og utreda mulighetene på dei gardane som har sagt seg interesserte. Samstundes arbeider ein med å få eit 3-årig prosjekt knytta til Haugaland forsøksring, der fagleg rettleiing innan økologisk produksjon vil vera det viktigaste. Haugalandet ligg i utkanten i forhold til det rettleiingstilbodet som idag finst innan økologisk produksjon. Ved å legga denne rettleiinga til ein vanleg forsøksring, håpar ein òg at det er lettare skal dryppa litt kunnskap og informasjon på dei som driv tradisjonellt. Ingen ønsker å bruka kjemiske middel dersom alternativa er gode nok.

I grasproduksjonen er det fra før lite bruk av kjemiske middel. Bruk av innkjøpt gjødsel har minna. På mange gardar bruker ein berre nitrogen gjødsel i tillegg til husdyrgjødsla. Mange blandar vatn i gjødsla før utkjøring og får dermed ei betre utnytting av nitrogen. Nitrogen kan enga ordna sjølv, dersom kløver eller andre belgvekster trives. Eit avlingstap må ein likevel rekna med ved omlegging til økologisk produksjon. I økologisk mjølkeproduksjon, er det tillat å bruka 20% innkjøpt før som ikkje er økologisk dyrka, og 10% som er økologisk dyrka, rekna i foreiningar. Eit problem i grasdistrikta er at det er lite korn-dyrking, og økologisk kraftfør er dyrare og vanskeleg å få tak i.

For 3. år på rad blei det i september arrangert markdag hjå Leif Holgersen, Skjoldastaumen i Tysvær. Kvart år har markdagen vore godt besøkt, og i år var det særleg mange av dei som ønska ein vurdering på sin gard, som møtte opp. Holgersen har ikkje brukt kunstgjødsel dei siste to åra. Han har satsa på kvitkløver og raigras i blanding og tar gode avlingar. Så mykje kvitkløver gir næringsrikt før, men det krev tillegg av før med grovere struktur.

NY NEMNDSSTRUKTUR I KOMMUNEN

MEDLEMER ER VALDE TIL KONTROLLUTVAL, DRIFTSSTYRE OG FORVALTNINGSSTYRE

Bokn kommunestyre har valt medlemer og varamedlemer til ovannemnde styrer. Etter den nye politiske nemndsstrukturen skal driftsstyret og forvaltningsstyret overta funksjonane til tidlegare skulestyre, kulturstyre, teknisk styre og helse- og sosialstyre.

Desse er valde:

KONTROLLUTVAL 1995 - 1999

**H Olav Lande Rossebø, leiar
SP Solrunn Alvestad, nestleiar
AP Svein Ivar Langhelle**

DRIFTSSTYRE 1995 - 1999 FRAMLEGG

Representantar:

**SP Rune Vatnaland leiar
H Helga Alvestad nestleiar
KRF Sigmund Alvestad
AP Liv Birknes
SP Johannes Nilssen**

Vararepresentantar:

**AP Laila Nemeth
AP Marie L. Faye
AP Marit Markhus

SP Inger Jøssang
SP May Jorunn Vatnaland
SP Gustav Solberg
SP Augustin Thuestad
SP Wenche L. Havikbotn**

**H Finn Kro
H Per Helge Sunde
H Lars Sigmund Alvestad**

**KRF Ingrid Blikshavn
KRF Sverre Øvrebs
KRF Ottar Borgenvik**

FORVALTNINGSSTYRE 1995 - 1999 FRAMLEGG

Representantar:

**H. Svein Ove Alvestad leiar
KRF Sigurd Johnny Svendsen nestleiar
SP Alf Alvestad
SP Liv Vatnaland
AP Arne Hosaas**

Vararepresentantar:

**AP Ingjerd Thuestad
AP Harry Bokneberg
AP Steeven Høyland

SP Bernhard Våge
SP Kleng Våga
SP Inger Synnsve Bokneberg
SP Bjarte Kro
SP Daniel Thuestad**

**H Jarle Larsen
H May Bente Alvestad
H Edgar Våge**

**KRF Gunvor Øvrebs
KRF Harry Vågshaug
KRF Eli Kro**

Kommunestyret skal i neste møte velja ei rekke andre råd, utval og einskildrepresentantar til ulike kommunale og interkommunale nemnder o.l.



*Dei 4 minste
kommunane
i fylket ga
mest pr.
innbyggjar*

Den landsomfattande TV-aksjonen som Frelsesarmeene sto bak den 8. oktober i år, ga innsamlingsrekord også i Bokn. Her vart det samla inn kr. 37.818,- i bøssene på sjølve aksjonsdagen, og dette er rekord. I tillegg var det løyvd kr. 5.000,- frå kommunen. Når aksjonsleiinga sentralt reknar ut beløp pr. innbyggjar, har dei også lagt til ei fordeling av Regjeringa sitt bidrag på kommunane, slik at beløp pr innbyggjar er høgare enn det me lokalt kjem fram til med våre berekningar. For Bokn sion del er det i år oppgitt til kr. 70,83 pr. innbyggjar. Dette er 4 kroner meir pr. innbyggjar enn Forsand, men 16 kroner mindre pr. innbyggjar enn Kvitsøy, og betydeleg mindre enn Utsira som ga 195 kroner pr. hovud.

Det karakteristiske med oversikta er at sjølv om ein held Regjeringa si løyving utanom, kan ein på gitt beløp pr. innbyggjar i kommunane med visse unntak sei kor kommunen ligg i folketal i høve til andre kommunar. I alle fall er det her i fylket ein tydeleg tendens til at dei minste gir mest.

I fjor ga faktisk innbyggjarane i Forsand kommune litt meir pr. innbyggjar enn Bokn, men dette snudde i år.

Rogaland fylke kom på 2. plass etter Svalbard av alle fylka når det gjeld innsamla beløp pr. innbyggjar, og av dei 10 største byane i landet kom Sandnes på 1. plass og Stavanger på 4. plass i innsamla beløp pr. innbyggjar.

I Bokn var det i år soknerådet som hadde sagt seg villige til å ta den praktiske delen av innsamlingsarbeidet og gå rundt med bøssene. I lag med medhjelparane sine gjorde dei ein flott innsats som aksjonsleiinga vil takka dei for.

Nå er det ikkje slik at det betyr all verden kor me er plassert på «rankinglista» over innsamla midlar, men det er alltid med og gir aksjonen litt ekstra spenning. Boknarane er flinke bidragsytarar til all slags innsamlingsaksjonar og liknande. Ein må hugsa at det er mykje arbeid i gong på mange frontar kor det blir selt lodd, gitt kollekt, halde basar m.v. heile året til ei mengd med organisasjonar. Når det gjeld TV-innsamlinga i år, hadde det nok stor betydning at det var Frelsesarmeene som sto for denne. Dei er kjende for å forvalta innsamla midlar svært godt. Det går verken til svimlande utløningar eller administrasjon, og dei gjer ikkje forskjell på «høg og låg», men hjelper folk i naud. Slik sett viste heile det norske folket solidaritet og tiltru til denne organisasjonen ved at det også på landsbasis vart samla inn rekordbeløp.



BREKELAND BEN SIN & CAMPING

Fredag 20.10 var det klart for *Brekeland Bensin & Camping* med komikaren Tor Arne Johnsen. Det var lite folk, men sauebonden Sivert Syre varma dei fleste av publikum med humoren sin denne kalde oktober-kvelden. Det var ikkje alle blant dei yngste frå publikum som skjønte ironien, men det så og høyrdest ut som om alle koste seg.

Showet blei akkurat som venta med kommentarar og gode tekstar om aktuelle ting i kvardagen.

Tor Arne Johnsen viste oss også at han mestra song og gitar, og dei visene han serverte oss skapte fin variasjon i forestillinga.

Tor Arne Johnsen sa etter showet at han likte seg godt i Bokn og ville gjerne koma tilbake. Han har fleire ironiske forestillingar på lager. Men det er ikkje lett å arrangera slike ting når forestillingane går med underskot. *Brekeland Bensin & Camping* var dessverre ikke noko unntak, og 44 betalande var skuffande.

SIKIA - FRÅ MEDITASJON TIL EKSTASE

Sundag 29.10 gjekk forestillinga **SIKIA** av stabelen- tidlegare kunngjort som tittelen "Frå meditasjon til ekstase". Og distriktsmusikaren frå Suldal Eddie Andrésen hadde også augo igjen det meste av konserten.

Ordet **SIKIA** er eit begrep for alle sansar utanom luktesansen, og den musikalske reisa til slagverkaren fekk oss til å bruka sansane våre mykje. Ved hjelp av ein del ny klang-teknologi fekk han fram dei utrølegaste klangar, og han veksle fint mellom rolig til ekstatisk slik at

det ikkje blei kjedelig. Det må også nemnast at han "spela" på dagleg-dagse ting som glas, tønner, tannkost og ballong, og han fekk også latteren fram blant publikum.

Dei frammøtte fekk sjå og høyra noko heilt spesielt denne sundagen, og det var også lærerikt for slagverkgruppa i musikkorpset. Som venta blei ikkje forestillinga den heilt store publikumstreffaren, men i forhold til innbyggjartalet var det bra. Det var t.d. langt færre til stades på same forestillinga i Tysvær.



KULTURKALENDER

Arbeidet med kulturkalenderen for våren 1996 er i gong.

Som vanleg vil ein del lag ha eit "antikollisjons-møte" med kulturleiaren for å få innhaldet i kalenderen så godt som mogleg.

Dei som ikkje møter der og vil ha stoff med i kalenderen, må levera dette på kulturkontoret innan fredag 1. desember.

Kalenderen, som vil ta for seg perioden januar t.o.m. juli 1996, blir sendt alle husstandar i romjula.



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TEL: 52 74 83 00

Fax: 52 74 83 77

ØNSKER DU Å DELTA PÅ EN JULEUTSTILLING/ SALGSMESSE?

I forbindelse med julekafe på Arsvågen i 2. etasje har det blitt ytret ønske om å kunne ha en julemesse.

Ønsker du å stille ut/selge dine produkt som kunst , håndverk eller andre ting som kan passe på en julemesse, kan du ta kontakt med undertegnede eller Finn E. Drange.

Det vil bli lagt til rette med utstillingsrom uten kostnader for utstillerne.

Messen vil bli arrangert dersom flere utstillere melder sin interesse. Messen er tenkt avholdt lørdag den 2.12 kl. 11.00 - 18.00 og søndag den 3.12. kl. 12.00 - 20.00.

Med hensyn til dekorering og forberedelse av annonser ønsker en svar fra de som kunne tenke seg å delta innen fredag den 10.november.

Næringskonsulenten




BOKN KOMMUNE
TELEFON 52 74 85 00 - TELEFAX 52 74 86 90
4290 BOKN

TRYGDEBUSTAD TIL LEIGE

Bokn kommune har 1 trygdebustad til leige. Bustaden ligg i rekkehus nord for Boknatun i Foresvik, og har stove, kjøken, soverom, bad/vaskerom, gang og bod. Arealet er ca. 61 m². I tillegg er det gjesterom, bod og gang på loft. Nærare opplysningar om husleigeberekning og søknadsskjema får ein ved å venda seg til Bokn sosialkontor.

Søknadsfrist: 15. november 1995



TANNHELSETENESTA

Vi kan nå ta inn nye vaksne pasientar.

Timebetilling: tirsdagar, torsdagar i tlf. 52 74 85 00.

Kontoret har stengt i veke 45 (7 og 9. november).

ER DU INTERESSERT I Å VERA MED I LOKAL BÅTFORENING?


For interesserte vil me prøva å starta ein båtforening. Møt opp tirsdag den 7. november kl. 19.30 på Allrommet.

For fleire interesserte:
Johannes Nilssen

HAR DU SJØHUSTOMT TIL SALGS?

Eg ynskjer ei tomt til sjøen der eg kan byggja småbåtar.

Johannes
Nilssen
tlf.
52748309



GULROT til salgs. tlf. 52 74 83 68

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTPLEIE
Onsdag den 8.november.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 52 74 85 00.

Takk for all oppmerksomhet ved
Elisa Aakre sin bortgang.

Takk også til pleie- og
omsorgspersonalet i kommunen for
god pleie.

Familien

**BOKN KOMMUNALE
FAGFORENING, avd.699**

ÅRSMØTE 1995

Det innkalles med dette til årsmøte i
Bokn kommunale fagforening den
24.november 1995 kl. 19.00 på
Arsvågen kafe, 2. etasje.
Vanlige årsmøtesaker.
Saker til årsmøtet må være styret i
hende innen 10.11.95
Hilsen styret.

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

BOKN & TYSVÆR BEGRAVELSESBYRÅ

4290 BOKN - Tlf. 52 74 85 54 - Mobil 94 54 10 10 / 94 67 87 96

Mosekransar - gravlykter - gravlys - gravvasar

**Etter avtale ved bestilling kan me ordna med plassering av
krans - lykt - lys eller vase på grava dersom du ikkje har mulighet
til det sjølv.**

BOKN BYGDAABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDAABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,
Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-
Halv side: kr. 150,-
½ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonssar: KR. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årlig.

ARRANGEMENT:

- 01.- Santalmisjonen har møte på
03.11: Bokn bedehus kl. 19.30.
Talar: Erling Yrkje.
- 02.11: BINGO på Bokn skule.
Arr: Bokn Brass/skulekorps
- 05.11: NMS har møte på Bokn
bedehus.
- 06.11: Bondekro på Arskroen.
Arr: Bokn bondelag.
- 07.11: Opptak av nye speidrarar på
Bokn bedehus.
- 07.11: Oppstart.møte for båtforening
for interesserte på Allrommet
kl. 19.30.
- 08.11: Fotballsesong-avslutning på
Allrommet kl. 18.00.
- 08.- Misjonssambandet har møte
12.11: på Bokn bedehus.
- 09.11: Vevstova har utstilling på
gamle skulen frå kl. 19 - 21
- 11.11: Elevkonsert kl.14.00 på Bokn
skule. Arr: Bokn musikkskule
- 17.- Julemesse på Allrommet. Arr:
18.11: Bokn Røde Kors Besøkstj.
- 25.11: Julemesse/auksjon Bokn
skule. Arr:
Bokn Brass/Bokn skulekorps
- 29.11: Adventsverkstad; Allrommet.
Arr: Bokn hagelag.
- 30.11: Pensjonistforeninga har møte
på Allrommet.

- 03.12: Julegranstenning Boknatun -
Bokn skule. Arr: Bokn Røde
Kors.
- 04.12: Bondekro på Arskroen. Arr:
Bokn bondelag.
- 07.12: Juleverkstad på Allrommet.
Arr: Bokn hagelag.
- 10.12: Lucia-fest på Bokn skule. Arr:
Bokn skulekorps/Bokn Brass



- 05.11. kl. 11: Fam.gudsteneste v/
Arne Aurdal. Utdeling av 4-
års bok. Offer til
søndagsskolekretsen.
- 19.11. kl.19: Gudsteneste v/Hans
Olav Westen. Nattverd. Offer
til Misjon i Øst.
- 03.12. kl.19: Lysmesse. Arne Aurdal.
Offer til speidararbeidet i
Bokn.
- 17.12. kl.11: Gudsteneste v/Arne
Aurdal. Nattverd. Offer til
Lærerakademiet.